

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 31.01.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Torleiv Bergland
 Saka gjeld: **Kapitaltilskot til private ideelle institusjonar**

Styresak 003/07 O
Administrerende direktør si orientering pkt 2

Styremøte 14. 02. 2007

Innleiing

Dei private ideelle har gjennom den årlige bestillinga tatt opp utfordringar knytt til nivået på kapitaltilskotet.

Våren 2005 blei det satt ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Helse Vest og dei private ideelle (Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Hospitalet Betanien , Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus (HSR), Olaviken alderspsykiatriske sjukehus, Voss Bjørkely DPS, Solli Sykehus og Jæren DPS). (Rusbehandlingsinstitusjonane er ikkje medrekna).

Kommentarar

Deltakarane var einige om å legge til grunn ein omsetningsbasert modell ved fordeling av kapitaltilskot til dei private ideelle. Modellen legg til grunn likebehandling mellom dei private ideelle og Helse Vest sine egne føretak. Kapitaldelen blei grunngjeven etter følgjande modell:

- Avskrivingsstilskot på opningsbalansen kr 500 mill
- Private ideelle utgjør 7 % av verksemda kr 35 mill
- Fordeling av kapital på hovudgrupper:
 - o Bygg, IKT, inventar og utstyr 60 % kr 21 mill
 - o MTU (berre somatisk verksemd) 40 % kr 14 mill
- Kapitalelement knytt til MTU vert berre gitt til de einingane som har somatisk verksemd. Samla kapitaltilskot for dei private ideelle er derfor sett til kr 30 mill (2005)

Implementering av kapitaltilskot er gjort etter følgjande modell

- Samla kapitaltilskot kr 30 mill
- - fråtrekk for allereie utbet. avskrivingsstilskot kr 14 mill
- = Gjenståande kapital kr 16 mill
- Implementering 2005 kr 8 mill

I bestillinga for 2006 blei implementeringsgraden styrka med ytterligare 2 mill. kroner. Prisjustert kapitaltilskot 2007 utgjør no som følgjer:

- Samla kapitaltilskot i samsvar med modell kr 32,3 mill
- - fråtrekk for allereie utbet. avskrivingsstilskot kr 15,1 mill
- Gjenståande kapital etter modell kr 17,2 mill
- - implementert kapitaltilskot 2005-06 prisjustert kr 10,7 mill
- Gjenståande kapital kr 6,5 mill

Det er semje mellom Helse Vest og dei private ideelle om kva for slags tal ein skal legge til grunn. Usemja har vore knytt til implementeringsgraden.

Under drøftingsmøta i samband med bestillinga for 2007 har dei private ideelle fremja krav/ønske om at dei resterande 6,5 mill. kr vert utbetalt med verknad frå 2007.

Helse Vest har foreslått ei opptapping over 3 år.

Tilråding

På eit møte mellom Helse Vest og representantar frå dei private ideelle 22. januar vart partane samde om å utbetale dei resterande 6,5 millionane kronene dei neste tre åra. Representantane hadde fullmakt til å inngå avtale på vegne av alle dei sju private ideelle verksemda. Dei private ideelle vil få utbetalt 2 mill. kr i 2007, 2 mill. kr i 2008 og dei siste 2,5 mill. kronene i 2009.

I møtet understreka Helse Vest at ordninga som det no er semje om, inneber at dei private ideelle institusjonane sjølve må finansiere framtidige utbyggingar. Dette vil bli teke med i avtalen for 2007.